



MØTEBOK

Organ	Hovudutval for opplæring
Møtestad	Telefonmøte
Møtedato	11.08.2010
Kl.	11.00- 12.30

Faste medlemmer til stades:

Arne Hovland (Ap)
Karianne Torvanger (Ap)
Gunn Åmdal Mongstad (Sp)
Paul Jacob Helgesen (Sp)
Edith Aarebrot Madsen (H)
Svein Ottar Sandal (Krf)
Norvall Nøringset (SV)

Forfall til møtet:

Elin Merete Førde (Frp)

Olaug Solheim Rotihaug (Ap)

Varamedlemmer til stades:

Varamedlemmer var ikkje innkalla

Til stades med møte- og talerett:

Ass. fylkesdirektør Per Jørgen Loen

Fylkeshovudtillitsvald Rune Hovland,
Utdanningsforbundet i Sogn og Fjordane, var ikkje
innkalla til møtet.

Sekretariat for møtet:

Kontorsjef Ingeborg Lie Fredheim

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Hovudutval for opplæring vedtok samrøystes å handsame ny sak:
Opplæringstilbodet skuleåret 2010-2011 ved Dale vidaregåande skule

Utvalet tok stilling til om kva saker som skal vere opne/lukka. Utvalet vedtok lukka møte.

SAK 24/10 Skriv og meldingar

1. Muntleg orientering ved hovudutvalsleiar Arne Hovland om inntaket ved Dale vidaregåande skule

Som grunnlag for orienteringa var følgjande skriv sendt ut i forkant av møtet som dokument unnateke offentleggjering, jmf. Off.l.§13, jmf fvl §13-13e.

- a. Inntaksliste vg1 Service og samferdsel
- b. Status elevar på venteliste i Dale
- c. E-post m/notat frå Arve Helle til utvalsleiar Arne Hovland
- d. Uttale frå HAFS regionråd v/ordførar Trude Brosvik , datert 22.07.10, vedk.: Dale vidaregåande skule.

SAK 25/10 Opplæringstilbodet for skuleåret 2010 - 2011, Dale vidaregåande skule

VEDTAK:

Hovudutvalet sette fram slikt framlegg til vedtak:

1. Vidaregåande trinn 1 Service og samferdsel vert ikkje sett i gang.
2. Vidaregåande trinn 1 Studiespesialisering vert auka med ei gruppe

Framlegget frå hovudutvalet vart samrøystes vedteke.
